



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Tor S Høyland - 55516266

Vår referanse:
2014/030202-002

Dykkar referanse:
14/291 - 14/2535

Vår dato:
06.05.2014

Høyring av trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020

Vi viser til dykkar brev av 12 mars 2014 vedrørende rullering av trafikksikringsplanen for Radøy kommune for perioden 2014-2020.

Det er bra at Radøy kommune no rullerar trafikksikringsplanen. Ein slik plan er eit viktig verktøy i kommunen sitt arbeid med trafikksikring. Dette både som ein styrande langtidsplan, men også for å få prioritert konkrete enkelttiltak.

Planframlegget inneheld godt med statistikk på lands- og fylkesnivå. Det er bra med ei slik overordna forankring, men vi vil foreslå at statistikken også viser ulykkesnivå og ulykkesutvikling for Radøy kommune. I ein einskild kommune vil ofte ulykkesbildet (type ulykker, involverte trafikantgrupper, skadegrad, m.m.) avvike mykje frå statistikken for heile landet, eller for heile Hordaland fylke. Lokalt forankra ulykkesstatistikk er difor viktig å ha med i ein kommunal trafikksikringsplan. Statens vegvesen kan bistå med å framskaffa lokal ulykkesstatistikk. Noko av statistikken i planframlegget er gammal og burde vore erstatta av nyare talmateriale. Det gjeld også for henvisningar til fylket sin Trafikksikringsplan og til Nasjonal handlingsplan for trafikksikring.

Det er positivt at Radøy kommune har definert sin visjon og sine hovudmål i planframlegget. Når det gjeld prioritering av fysiske tiltak, vil vi rå til at tabellane også tar med ei forklaring/begrunning for kvifor dei ulike tiltaka er prioriterte.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø

Tor S Høyland
Tor S Høyland

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52